

REGLAR FOR ELEVAR I ODDA KULTURSKULE

- 1) **Elevane pliktar å rette seg etter dei ordensreglar som til ei kvar tid gjeld for undervisning i kulturskulen og for dei lokala som undervisninga finn stad i.**
- 2) **Elevane har plikt til å møte førebudde og presis til timane.
Alle som får undervisning må vera villige til å øve regelmessig.**
- 3) **Ved stadig frávære utan grunn, manglande interesse eller av disiplinære grunnar, kan ein elev måtte slutte.
Avgjerd om dette skal takast av lærar og tenestestadleiar ved kulturskulen etter samtale med dei føresette.**
- 4) **Elevane har krav på undervisning etter oppsett plan.
Bortfall av timeplanfesta undervisning skal meldast til eleven/føresette så tidleg som råd er jf. stillingsinstruks for lærarar.**
- 5) **Frávære skal meldast i så god tid som mogleg på førehand til lærar, evt. til tenestestadleiar ved kulturskulen om læraren ikkje er råd å få tak i.**
- 6) **Føresette kan, etter avtale med lærar, vera til stades i undervisningssituasjonen.**
- 7) **Elevane i kulturskulen har krav på å få utlevert rimeleg gode instrument i dei disiplinane der instrument er til utleige.
Eleven må UANSETT ha tilgang til øvingsinstrument.**
- 8) **Skade på instrument og utstyr som er tilsikta eller kjem av ansvarsløyse skal erstattast av eleven.
Vedlikehald etter vanleg slitasje vert betalt av kulturskulen.
Evt. krav om erstatning blir sett fram av tenestestadleiar ved kulturskulen.**
- 9) **Elevane må sjølve koste notemateriell/utstyr som skal brukast.**